



MELDING OM VEDTAK

frå
møte i kommunestyret 31.8.2016

Saksnr	Løpenr.	Klassering	Avd / sakshandsamar	Dato
2014/839	8357/2016	002	PUA/ KRB	1.9.2016

PS 78/16 Kommunereforma - Endeleg vedtak av alternativ.

Kommunestyret si handsaming:
Ordførar Anders Riise orienterte.

Bernt Brandal FL, fremja fylgjande endringsforslag:

Hareid kommunestyre syner til prosessen med kommunereforma og fattar endeleg vedtak om at Hareid kommune held fram som eigen kommune.

Truls Håbakk FRP, fremja fylgjande felles endringsforslag frå Venstre, Høgre, Fremskrittspartiet og Hege Holstad frå Arbeiderpartiet:

1. Hareid kommune slutta seg i 2014 til intensjonane om ei nasjonal kommunereform. I tråd med intensjonane for reforma har kommunen lagt til rette for involvering av innbyggjarane, gjennomført nabopratar og kartleggingar av samanslåingsalternativ. Hareid kommune har gjennomført forhandlingar om samanslåing med «Runde kommune», «Regionkommune Ålesund» og Ulstein kommune. Intensjonsavtale om å slå saman kommunane Hareid og Ulstein vart signert 07.07.2016.

Resultatet av Innbyggjarundersøkinga av august 2016 vart at **45%** svarte nei og **41%** svarte ja. Stemmer for «veit ikkje» var **14 %**. Rådgevande folkerøysting om dette alternativet vart avvikla 22.08 2016. Resultatet vart at **60 %** svarte nei og **39 %** svarte ja. Stemmer for «veit ikkje» var **1 %**. Frammøtte var **51%**.

2. Med bakgrunn i resultatet av rådgevande folkerøysting av 22.08.2016 og innbyggjarundersøkinga av august 2016, vedtek Hareid kommunestyre at Hareid kommune skal halde fram som eiga kommune.

3. Dersom Fylkesmannen i si tilråding og Stortinget i si handsaming, likevel vel ei ny organisering av kommunestrukturen, vil Hareid kommunestyre vise til intensjonsavtalen om Hareidlandet kommune av 07.07.2016 og ber om at denne vert lagt til grunn.

Ragnhild Nedrelid AP, fremja fylgjande endringsforslag:



1. Hareid kommunestyre vedtek at Hareid kommune skal halde fram som sjølvstendig kommune
2. Hareid kommunestyre opphevar intensjonsavtalane med «Runde kommune», Regionkommune Ålesund og Hareidlandet kommune.

Kommunestyret tek pause i 15 minutt for å halde gruppemøte.

Ordførar Anders Riise trekk den opphævelege tilrådinga.

Ragnhild Nedrelid trekk punkt 1 i sitt endringsforslag.

Folkelista, Toril Oda Ringstad, Ragnhild Nedrelid og Kristeleg Folkeparti slår saman sine endringsforslag. **Bernt Brandal** sitt forslag vert punkt 1, **Ragnhild Nedrelid** sitt punkt 2 i forslaget står.

Røysting:

Det vart røysta slik:

Forslaget til Folkelista, KRF, Toril Oda Ringstad og Ragnhild Nedrelid fall med 12 røyster mot – 9 røyster for.

Det vart røysta punktvis over fellesframlegget til V, H, FRP og Hege Holstad:

Punkt 1: vedteke med 12 røyster for – 9 røyster mot

Punkt 2: samrøystes vedteke

Punkt 3: vedteke med 12 røyster for – 9 røyster mot

Vedtak:

1. Hareid kommune slutta seg i 2014 til intensjonane om ei nasjonal kommunereform. I tråd med intensjonane for reforma har kommunen lagt til rette for involvering av innbyggjarane, gjennomført nabopratar og kartleggingar av samanslåingsalternativ. Hareid kommune har gjennomført forhandlingar om samanslåing med «Runde kommune», «Regionkommune Ålesund» og Ulstein kommune. Intensjonsavtale om å slå saman kommunane Hareid og Ulstein vart signert 07.07.2016. Resultatet av Innbyggjarundersøkinga av august 2016 vart at 45% svarte nei og 41% svarte ja. Stemmer for «veit ikkje» var 14 %. Rådgjevande folkerøysting om dette alternativet vart avvikla 22.08 2016. Resultatet vart at 60 % svarte nei og 39 % svarte ja. Stemmer for «veit ikkje» var 1 %. Frammøtte var 51%.



2. Med bakgrunn i resultatet av rådgjevande folkerøysting av 22.08.2016 og innbyggjarundersøkinga av august 2016, vedtek Hareid kommunestyre at Hareid kommune skal halde fram som eiga kommune.

3. Dersom Fylkesmannen i si tilråding og Stortinget i si handsaming, likevel vel ei ny organisering av kommunestrukturen, vil Hareid kommunestyre vise til intensjonsavtalen om Hareidlandet kommune av 07.07.2016 og ber om at denne vert lagt til grunn.

Hareid, 1.9.2016

Retts utskrift:

Anne-Karete Mork
Utvalsekretær


Utskrift sendt: sakshandsamar for ekspedering

Vurdering av ny kommunestruktur

HAREID KOMMUNE

VERSUS

HAREIDLANDET KOMMUNE



Vedlegg

Økonomiske analyser i samband med samanslåing

Grunndata

- Namn på kommune : 1517 Hareid
- Innbyggartalet har utvikla seg frå 4721 i 1998 til 5189 i 2016
- Areal: totalt 82,25km², landareal 76,82km², vannareal 5,43km²
- Busettingsmønster pr. 1. januar 2015: Hareid 3281, Brandal 343, Hjørungavåg 730. Resten av befolkninga er busett utanfor desse bygdelaga
- Avstandar – kommunikasjon: kommunen er kompakt, jfr. «areal» og har ferje og hurtigbåtsamband til høvesvis Sula og Ålesund. Det er elles fastlandsforbindelse via Eiksundsambandet. Det ligg føre ein viss grad av tilgang til rutebuss, men befolkninga er i stor grad avhengige av tilgang til eigne transportmiddel.

Prosess

For Hareid sin del byrja den formelle delen av kommunereforma med kommunestyret sitt vedtak i PS 89/14. Det vart slutta seg til prosessen og det vart delegert mynde, samt peika ut prosjektgruppe. Prosjektgruppa har i prosessen halde 12 møte.

I tidleg fase vart det halde tre samlingar dei dei sju kommunane på søre Sunnmøre møttest. Det vart etter kvart klart at både Ørsta og Volda gjorde vegval, der dei ikkje ville vere med vidare i ein slik konstellasjon. Etter denne avklaringa vart det halde naboprat med dei fire andre kommunane, der det vart halde fellesmøte mellom dei respektive formannskapa. Prosjektgruppa helt i mai 2015 folkemøte i alle krinsane og sentrum. Gjennom Sunnmøre Regionråd er det halde to innbyggjarundersøkingar i 2014 og 2015.

Kommunestyret gjorde i sak PS 125/15 vedtak om vidare organisering av arbeidet med kommunereforma. Det vart her vedteke vidare framdriftsplan, gjeve mandat og utnemnd forhandlingsutval.

I sak PS 5/16 gjer kommunestyret vedtak om retningsval i høve forhandlingar. Det vert vedteke at ein skal både forhandle om det som seinare vert kjent som Runde kommune og Ålesund kommune. Det skal gjennomførast folkerøysting på bakgrunn av desse alternativa.

Kommunestyret gjer nytt vedtak i PS 25/16 der dei gjer greie for at ein på dette tidspunkt ikkje ynskjer å gå i forhandlingar med alternativ om samanslåing av Hareid-Ulstein. Folkerøystinga syner at det ikkje er grunnlag for å gå vidare med verken Runde kommune eller Ålesund kommune.

Siste vedtak kommunestyret har gjort så langt, er i PS 53/16. Her vert det vedteke at ein skal gå i forhandlingar med Ulstein kommune med tanke på å få fram ein intensjonsavtale. Denne skal eventuelt leggast fram til folkerøysting og det skal gjennomførast opinionsundersøking. Forhandlinga enda i ein avtale om Hareidlandet kommune.

Resultat av prosess

Opinionsundersøking

Kommunar med 4.000-20.000 innbyggjarar bør ha 400-800 respondentar. Det er ein tommelfingerregel at ein treng normalt eit bruttoutval som er ti gangar større en det nettoutvalet ein vil sitte igjen med. Det vil seie at for å oppnå inntil 500 intervju - som vart valt for Hareid kommune – bør populasjonen vere på 5000 menneske. Alle undersøkingar har feilmargar. Desse er i hovudsak knytt til statistisk usikkerheit. Men med eit utval på 500, der antal røysteføre er 4058, kan vi med 95% sannsynligheit seie at resultatet er rett.

Undersøkinga vart gjort med telefonintervju i tida 11. - 19. august. På spørsmålet «Er du for eller imot at Hareid kommune slår seg saman med Ulstein kommune?» fordeler svara i undersøkinga seg slik:

- 41 prosent er for
- 45 prosent er imot
- 14 prosent svarar veit ikkje

Det er ein tendens til at fleire er imot enn for ei samanslåing, men forskjellen mellom dei to standpunkta er ikkje statistisk signifikant (innanfor feilmargin).

Det er ein tendens til at fleire i aldersgruppa 45-59 år er for enn imot ei samanslåing, elles er det ein tendens til at fleire er imot enn for i dei andre aldersgruppene og blant menn og kvinner. «Vet ikkje»-andelen er størst i aldersgruppa 16-29 år.

Folkeavrøysting den 22.08.16

Folket vart spurt om du er for eller imot at Hareid kommune slår seg saman med Ulstein kommune. Det var ei valdeltaking på 52 % Valdeltaking i prosent av 16- og 17-åringar var på 34 %. Resultatet viste eit fleirtal for nei til samanslåing, med ei slik fordeling:

- ja - 39 %
- nei - 60 %
- veit ikkje - 1 %

Krinsvis fordeling

Alternativ	Førehands-røysting	Bigset krins	Brandal krins	Hareid krins	Hjørunga-våg krins	Framande røyster	Samla alle krinsane
Ja	69	154	47	402	98	29	799
Nei	179	182	87	497	228	77	1250
Veit ikkje	2	3	2	9	6	1	23
Blanke	0	0	0	0	0	0	0

Tolking av resultat

Det er viktig å vere bevisst på kva for ei metode som representerer den samla befolkninga best. Ei opinionsmåling viser eit gjennomsnitt av den samla folkemeininga, medan ein folkerøysting viser eit bilede av kva den engasjerte befolkninga meiner. Ut frå eit metodisk perspektiv bør difor ei opinionsundersøking leggast meir vekt på enn ei folkerøysting.

For Hareid sin del viser opinionsmålinga at folket er delt, og så er der nokre som er usikre på kva som er det klokaste valet. Så gir folkerøystinga eit klart nei til samanslåing. Folket er høyrte, og kommunestyret må på eit eige grunnlag basert på fakta i høve prosessen, og kriteria i kommunereforma ta stilling til vegen vidare for Hareid kommune.

Vurdering av kommunen si rolle som tenesteutøvar

Regjeringa legg til grunn tre samfunnsmessige omsyn som kommunane må ta i framtida:

- kvalitet i tenestene
- effektiv bruk av samfunnet sine ressursar
- likeverd

For å få dette til må fem kriterier vere oppfylt:

- tilstrekkelig kapasitet
- effektiv tenesteproduksjon
- relevant kompetanse
- økonomisk soliditet
- valfridom
- likeverd

Fylkesmannen ber kommunane vurdere eigen kommune og alternativ til dagens kommune i lys av framtida sine utfordringar. Vurderinga er gjort i rådmannen si toppleiargruppe.

Hareid kommune	Hareidlandet kommune
<ul style="list-style-type: none"> • Hareid kommune har mange dyktige, lojale medarbeidarar som står på for å gi eit godt tenestetilbod. Men kommunen ber preg av å ha vore på ROBEK i mange år, og personellressursane på tenesteavdelingane er marginale. • Her er udekte behov innanfor stab/støttefunksjonar • Kommunen har mange medarbeidarar med god kompetanse. Men små einingar gir sårbare fagmiljø, og det er vanskelig å rekruttere nye inn i små miljø. • Hareid kommune prioriterer å bruke mykje pengar til skuledrift. Her ligg sannsynlegvis ein effektiviseringsgevinst om ein ynskjer å ta denne ut. • Små einingar gir kort avstand frå leiing til tenesteproduksjon. • Det vert lett proppar i systemet fordi ein vert så avhengig av enkeltpersonar. Dette gir utfordringar med sakshandsamingstid, habilitet, kvalifisert kompetanse ved fråvær m.m. • På grunn av manglande støttepersonell må leiarar prioritere dagleg drift, og får i for liten grad ha fokus på leiing og langsiktig utvikling. • På tenestenivå vil mangel på spisskompetanse vere hemmande på effektivitet. • Små einingar og små fagmiljø vil ha problem med å takle store svingingar • Liten valfridom. Alternativ finns ikkje • Likeverd er både system- og personavhengig. Kjennskap vere både ein fordel og ei ulempe 	<ul style="list-style-type: none"> • Begge kommunane vil truleg ha utfordringar med å møte framtida sine krav og behov. Stordriftsfordel har som regel positiv effekt. • Spesielt innanfor små faggrupper og stabsfunksjonar vil det verte lettare å sikre tilstrekkelig og relevant kompetanse i ei større kommune. Det er mykje forskning på at kompetanse rekrutterer kometanse. • Noko større geografisk avstand vil føre til meir tid til transport, men dette kan løysast mykje ved hjelp av god logistikk og bruk av telekommunikasjon. • Større fagmiljø er meir robuste for svingingar og fråvær. Det gir betre fleksibilitet og dermed auka kapasitet. Denne kan nyttast til kvalitetsforbetring og langsiktig strategiplanlegging. • Stordriftsfordel kan utløyse muligheiter for å etablere stabs- og driftsfunksjonar som vil frigjere tid til leiing og strategisk planlegging. • Det er lettare å unngå habilitetsproblematikk. • I større fagmiljø kjem ein lenger med bruken av ressursane og kan til dømes strekke tilbodet over større deler av døgnet der det er hensiktsmessig. • Meir robust og forutsigbar drift. Stabilitet gir god økonomisk drift. • Hareidlandet kommune vert heller inga stor kommune, men noko meir fleksibilitet vil der vere med tanke på valfridom • Hareidlandet kommune vil framleis vere ei forholdsvis lita kommune. Inga vesentlig endring

Der er det gjennomgåande at trass i at Hareid har mykje god kompetanse og på mange område gode resultat, så er fagmiljøa små og sårbare. Og ressursmessig har kommunen utfordringar både på drift av direkte brukarretta tenester og mangel på stab/støtte-funksjonar. Samhandlingsreforma innførte eit prinsipp om at folk skal få tenestene sine der dei bur. Spesielt oppvekst- og velferdssektoren opplever ein kvardag med stadig meir komplekse

utfordringar. Tenester som før vart gitt sentralt skal no løysast lokalt. IKT-løysingar har effektivisert drifta, og framover vil dette verte endå meir sentralt. Men teknologi er berre eit hjelpemiddel. Kompetanse rekrutterer kompetanse, og fagfolk vil ha eit fagmiljø der resultatansvaret ikkje kviler på enkeltpersonar.

Interkommunalt samarbeid:

Hareid kommune samarbeider med andre kommunar i eit stort omfang, og ein kan spørje om ikkje interkommunalt samarbeid kan løyse mange av framtida sine utfordringar.

Interkommunalt arkiv (IKA) og 110-sentralen som alle kommunane i fylket er med på, er gode eksempel på vellykka samarbeidstiltak. I mindre format kan ein nemne SSIKT-prosjektet på Søre Sunnmøre, og fleire kunne vore nemnde. Men ein har erfart at på nokre område kan ein oppnå positiv gevinst og på andre ikkje. Denne type samhandling egner seg godt for samarbeid om kompetanseheving for felles faggrupper, utvikling av konsensus for behandling, eller utvikling av felles prosedyrar innanfor eit fagområde. Også for felles utarbeiding av høyrings svar og liknande.

Kommunane er ulikt organisert og dette gjer det utfordrande med nettverksarbeid over kommunegrensar. I ei kommune er det ein kommunalsjef som har alle fullmakter, i ei anna er dette delt på mange ulike leiarar. Når det gjeld interkommunale føretak har ein erfaring med at desse vert etablert og oppløyste med skiftande politisk leiarskap og endra kommunale interesser og behov. Økonomi har sterk innverknad på dette. Ei kommune har til dømes ei periode mange ressurskrevjande brukarar og behov for eit tilbod med spisskompetanse og døgndekning. Så opphøyrer behovet, og det er andre behov som konkurrerer om budsjettmidlane.

Oppsummert kan ein seie at interkommunalt samarbeid er nødvendig og positivt for å oppnå felles gevinst. Men det er fort ein fare for at det vert som ein stat i staten der store einingar vert liggande utanfor både politisk og administrativ styring eller kontroll. Ei anna utfordring er at det er eit partsamarbeid mellom likeverdige partar, der ingen har mynde til å skjere gjennom. Det bygger på god vilje og konsensus inntil eit visst punkt. Men kvar kommune er ei eiga juridisk eining og det interkommunale samarbeidet kjem i andre rekke når eigne kommunale behov presser seg fram. Desse problemstillingane vil vere aktuelle enten ein går vidare åleine, eller saman med Ulstein. Dette fordi den nye kommunen ikkje vil vere stor nok til å kunne løyse alle oppgåvene internt.

Samla vurdering:

Hareid kommune kan i rolla som tenesteutøvar stort sett ivareta dagens oppgåver, men både økonomiske, personellmessige og utstyrmessige ressursar er små. Det er tvilsomt om kommunen åleine vil kunne ivareta ansvaret for morgendagens tenestebehov og meir spesiellerte oppgåver.

Vurdering av kommunen si rolle som samfunnsutviklar

Regjeringa legg til grunn to ulike samfunnsmessige omsyn kommunane må ta i framtida:

- Heilskap i ivaretakinga av areal- og transportinteresser tilpassa klima og miljøomsyn
- Tilrettelegging for positiv utvikling av lokalsamfunn og storsamfunnet

Tre kriterier må vere oppfylt for å kunne vere ein god samfunnsutviklar:

- Funksjonell område for samfunnsutvikling
- Relevant kompetanse
- Effektiv tenesteproduksjon

Fylkesmannen ber kommunen vurdere eigne kommune og alternativ til dagens kommune i lys av framtida sine utfordringar.

Hareid kommune	Hareidlandet kommune
<ul style="list-style-type: none"> • Lokalkunnskap • Manglar gjennomføringskraft • Sårbare fagmiljø • Stor pendling gjennom kommunen og sentrum gjer det vanskelig å legge til rette for positiv utvikling av lokalsamfunnet • Tenesteproduksjonen er i varierende grad effektiv. Saker går ofte fram og tilbake mellom politikk og administrasjon • Hareid er «ein uslepen diamant» med fleire fine område som kan utviklast 	<ul style="list-style-type: none"> • Dekker eit større område som gjer det lettare å sjå heilskapen, også i eit miljø- og klimaperspektiv. Til dømes betre og heilskapleg planlegging når det gjeld kontaktpunktet på eidet, som vegtrase, kollektivtrafikk, godstrafikk osv. • Framtidig utvikling av industriområde og tilhøyrande infrastruktur. Samordna forvaltning av ressursar i sjø og på land Felles plan for natur og kulturområde • Større på løfteevne/gjennomføring og eit meir funksjonelt område for samfunnsutvikling på Hareidlandet. • Større kompetanse- og fagmiljø. Vil kunne skaffe relevant kompetanse på eit breiare felt enn i dag

Å tenke heilskap for å ta vare på areal og transportinteresser i eit klima- og miljøperspektiv er eit vidt perspektiv som strekkjer seg vidare enn dagens snevre kommunegrenser.

Vurdering av kommunen som demokratisk arena

Regjeringa legg til grunn fire ulike samfunnsmessige omsyn som kommunane må ta i framtida:

- Viktige oppgåver og rammestyring
- Lokal politisk styring
- Levande lokalt folkestyre
- Aktiv politisk arena

Tre kriterier må vere oppfylt for å bli ein god demokratisk arena:

- Høg politisk deltaking
- Lokal politisk styring
- Lokal identitet

Fylkesmannen ber kommunen vurdere eigne kommune og alternativ til dagens kommune i lys av framtida sine utfordringar.

Hareid kommune	Hareidlandet kommune
<ul style="list-style-type: none"> • Små oversiktelige forhold. God lokalkunnskap • Få politikarar - ser heilskapen. • Mykje kjensler kontra lojalitet til regelverk og planverk • Stor saksmengde • Nærleik mellom politikk og 	<ul style="list-style-type: none"> • Meir politisk styring/aktivitet. • Felles politisk retning • Mindre lokal nærleik med fare for svekka lokaldemokrati • Mindre utfordringar i høve habilitet • Fare for mindre lokal forankring • Færre politikarar • Lågare engasjement og valdeltaking

innbyggjarar. Utfordringar i høve habilitet og nøytralitet <ul style="list-style-type: none"> • rekruttering er ei utfordring • brei representasjon • sterke krinsar kontra heilskapen • dugnadsånd 	<ul style="list-style-type: none"> • Mindre dugnadsånd ?
---	---

Kommunen sin storleik (talet på innbyggjarar og/eller geografisk avstand) er i seg sjølv ikkje avgjerande for eit godt fungerande lokaldemokrati internt i kommunen. Korleis kommunen sin demokratiske arena fungerer er først og fremst avhengig av ei bevisst haldning til at lokaldemokrati er viktig. Det er også avhengig av korleis det vert utarbeidd ein strategisk handlingsplan for å nå målet og ikkje minst korleis vi skal organisere arbeidet for å få det til. I det siste ligg vedtak om delegert mynde, rutinar for medverknad, prosedyrar for saksgang, rapporteringar, og tilbakemelding til innbyggjarane.

Både Hareid kommune og Hareidlandet kommune har gode føresetnadar for å lykkast med dette. Det vi vil, det får vi til.

Vurdering av kommunen si rolle for å ivareta rettstryggleiken til innbyggjarane

Regjeringa legg til grunn at rettstryggleik er eit samfunnsmessig omsyn kommunane må ta. For å få dette til må tre kriterier vere oppfylt:

- Tilstrekkelig kapasitet
- Relevant kompetanse
- Tilstrekkelig distanse

Fylkesmannen ber kommunen vurdere eigne kommune og alternativ til dagens kommune i lys av framtida sine utfordringar.

Hareid kommune	Hareidlandet kommune
<ul style="list-style-type: none"> • Kravet til dokumentasjon har auka vesentlig siste åra utan at dette har vorte tilstrekkelig kompensert med tid til å utføre oppgåvene. • IKT har modernisert og effektivisert drifta, men stadig nye internkontrollkrav og dokumentasjonsplikt et opp gevinsten. • Til ulike tider og på nokre områder er sakshandsamingstida lenger enn ynskjeleg • Kommunen er liten så det kan vere ei utfordring med tilstrekkelig distanse mellom den som tek avgjerd og den avgjerdsla vert retta mot. Men kommunen har mange pendlarar, og det er ein fordel i slike høve. • I små fagmiljø har ein person ofte mange funksjonar, og få å rådføre seg med. 	<ul style="list-style-type: none"> • Sannsynlegvis tilsvarande utfordring sidan kommunen ikkje vert så mykje større, men ei noko større kommune vil kunne ha lettare for å frigjere ressursar til å ivareta opplæring, internkontroll og fortløpande oppfølging. • Ein vil kunne rekruttere fleire med relevant kompetanse • Breiare fagmiljø gir større fleksibilitet dersom nokon vert inhabil

Rettstryggleik omfattar mange forhold, slik som:

- At det vert gitt relevant og utfyllande informasjon og rettleiing
- At saker vert behandla utan ugrunna opphald
- At det er relevant kompetanse i sakshandsaminga
- At det er likebehandling og ikkje tilfeldig behandling
- At vedtak har lovlig innhald og har vorte til på ein lovlig måte
- At avgjerd vert tatt av den som har mynde
- At klage vert behandla så raskt som råd.

Ei større kommune vil ha større føresetnadar for å sikre rettstryggleiken enn ei mindre kommune dersom kriteria som blir lagt til grunn skal vere oppfylt.

Økonomisk status og utvikling

Økonomisk status og utvikling i lys av framtida sine utfordringar i Hareid kommune

Hareid kommune har vore på ROBEK-lista i mange år. I perioden 2009 – 2012 opparbeidde kommunen seg eit akkumulert meirforbruk på 16,2 mill. kr. Kommunen har ein plan om å tilbakebetale siste rest av dette meirforbruket i 2016, og ser så langt ut til å lykkast med det.

Dette har vært mogleg gjennom streng budsjett-kontroll og harde prioriteringar. Dette ser ein igjen både i drifta og investeringane dei siste åra. I drifta har ein lenge opplevd eit høgt arbeidspress, og for investeringane har det vært nødvendig å nedprioritere naudsynte behov. Utfordringa for Hareid kommune vert å halde kontroll over økonomien samstundes som ein må prioritere dei investeringane som er mest naudsynte. Risikoen er gjentatt meirforbruk og potensialet for å hamne på ROBEK-lista igjen. I ei økonomiske analyse har kommunen blant anna sett på kva effekt det nye inntektssystemet har for Hareid kommune. Det syner at kommunen kjem dårlegare ut ved å stå aleine enn tidlegare. Som nemnt har Hareid kommune budsjettert med å betale siste rest av meirforbruket i 2016. Ettersom vi etter planen ikkje skal betale meir på dette i 2017, vil det sannsynlegvis frigje midlar i 2017 og utover. Dette skjer anten vi slår oss saman med Ulstein eller ikkje, så det er ikkje ei unik effekt for Hareid kontra Hareidlandet kommune.

Økonomisk status og utvikling i lys av framtida sine utfordringar i Hareidlandet kommune

Medan Hareid kommune har slitt med låge investeringar og dårleg økonomi, har Ulstein vore gjennom ei periode prega av høge investeringar. Det er difor to kommunar med ulike behov som dannar Hareidlandet kommune. Eit viktig moment for Hareid sin del er om det er økonomisk fridom for Hareidlandet kommune å gjennomføre dei investeringane som er naudsynte i Hareid.

Den økonomiske analysen viser at det er fleire økonomiske insentiv som talar for ei kommunesamanslåing. Nokre av dei kjem oss til gode allereie før ei eventuell samanslåing. Den nemnte analysen synleggjer effekten av dei økonomiske insentiva og andre faktorar som påverkar den økonomiske fridomen. Under dei føresetningane som er gjort i analysen synes det at ei auke i renta er det som påverkar den økonomiske fridomen i størst grad. Analysen peker på at det er eit smertepunkt på rundt 3%-poeng auke i renta. Om ein antar at renta auke med meir enn 3%-poeng vil det reint økonomisk svare seg å velje Hareid alternativet. Om ein føreser ei mildare auke vil alternativet med Hareidlandet svare seg reint økonomisk.

Syner elles til eige vedlegg med utfyllande opplysningar i høve dette punktet.

Samla vurdering:

Kommunestyret har fått eit mandat til å gjere veilval for Hareid kommune når det gjeld kommunereforma. Det har vore ein prosess der fylkesmannen har hatt ei opplærings- og koordineringsrolle. Kommunestyret har vurdert, og takka nei til alternativ som involverte fleire kommunar, og skal no ta stilling til samanslåing av to nabokommunar.

Ein må då gjere ei heilskapsvurdering av intensjonane med kommunereforma, som legg opp til at kommunen skal kunne ivareta sitt ansvar som tenesteutøvar, samfunnsutviklar, demokratisk arena, ivaretaking av rettstryggleiken og ansvar for økonomisk status og utvikling.

Kommunestyret har fått erfaringskompetanse gjennom prosessen. I tillegg ligg det no føre ei opinionsmåling som viser at folket er delt, ei folkerøysting med overvekt mot nei, og dette notatet frå rådmannen som konkluderer med at kommuneorganisasjonen samla sett vil profitere på å få stordriftsfordelar. Hareid kommune er i dag i ein pressa økonomisk og personellmessig situasjon. Det er ei stort utfordring at det er så små fagmiljø, og at ein ikkje får eit heilskapleg samfunnsperspektiv på utviklinga av lokalsamfunnet. Samla sett vil ei større kommune vere betre i stand til å vere møte framtida sine utfordringar.

Hareid, 14.07.2016

Rådmannen